



Wemund Mjøs
Kapperdalsvegen 108
5912 SEIM

Referanser:
Dykkar:
Vår: 19/1425 - 19/14769

Saksbehandlar:
Linda Folkestad
Linda.Folkestad@lindas.kommune.no

Dato:
13.05.2019

Svar på søknad om dispensasjon frå byggjegrense - gbnr 167/4 Kopperdal nordre

Tiltak: Tilbygg bustad - Kapperdalsvegen 108
Byggjestad: **GBNR 167/4**
Tiltakshavar: Wemund Mjøs
Ansvarleg søkjar: Wemund Mjøs

Saka gjeld søknad om dispensasjon frå byggegrense mot veg for tilbygg på 15 kvm – einebustad, datert .

Saksutgreiing:

Informasjon om saka:

Søknaden gjeld dispensasjon frå byggegrense mot veg for tilbygg på 15 kvm innanfor byggegrense (15 meter frå vegmidt) mot kommunal veg.

Vurdering/drøfting:

Eksisterande bustad ligg langs kommunal veg. Avstand mellom næraste del av bustad og kant kommunal veg er i dag 1,5 meter. Næraste avstand til midt kommunal veg er ca 3 meter. Tilbygg som er planlagt vil ha ei avstand frå vegmidt på 5,5 meter. Tiltak vil ikkje komme i konflikt med sikt i og langs vegen.



Samandrag/konklusjon:



Teknisk drift har vurdert søknaden og finn det forsvarleg å gje dispensasjon frå byggegrense mot kommunal veg på følgjande vilkår:

Vedtak:

Med heimel i Veglova § 29 med tilhøyrande regelverk gjev Lindås kommune ved Teknisk drift dispensasjon frå byggegrense mot kommunal veg for tilbygg på følgjande vilkår:

- Minste avstand mellom tilbygg og midt kommunal veg skal være minimum 5,5 meter.
- Lindås kommune fråseier seg alt ansvar for skader som oppstår på tiltak som vert plassert i byggegrense mot veg. Dersom det under drift og vedlikehald av kommunal veg skulle oppstå skader på tiltaket, er dette tiltakshavar sitt ansvar. Tiltakshavar må sjølv sørge for og påkoste utbetring av skader.

Vedtaket gir berre løyve til å plassere tilbygg innanfor byggegrense mot veg iht Veglova. Vi gjer merksam på at tiltaket kan være søknadspliktig etter plan og bygningslova. Dispensasjonsvedtaket forutsetter at andre godkjenninger ligg føre.

Det er med heimel i Veglova § 29 og § 30 at vegmynde skal setje krav til tiltak langs offentleg veg. Vi gjer merksam på at løyve berre gjeld i høve Veglova med tilhøyrande regelverk og ikkje dei rettar/privatrettslege avtaler De har ovanfor eventuelle grunneigarar.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl) jf. veglova § 11. Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Med helsing

Rune Kilen
Avdelingsleiar veg

Linda Folkestad
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Mottakarar:

Wemund Mjøs

Kapperdalsvegen 5912
108

SEIM